



Norsk Gallup Institutt AS

Kirkegata 20, Postboks 240 Sentrum, N-0103 Oslo

t +47 911 11 600 f +47 23 29 16 01

e info@tns-gallup.no www.tns-gallup.no

Org nr NO 890 660 002 MVA

03-February-2015

Meland kommune
v/ Leiar for skuleadministrasjonen
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Oslo 29.01.2015

ORIENTERING OM EUROPEAN SCHOOL SURVEY PROJECT (ESPAD)

ESPAD – The European School Survey Project on Alcohol and Other Drugs – er ei stor undersøking blant skuleelevar i Europa om bruk av alkohol, tobakk, narkotika og bruk av Internett. Det er tidlegare (1995, 1999, 2004, 2007 og 2011) gjennomført fem undersøkingar i nærare 40 europeiske land, inkludert Noreg. Undersøkinga går føre seg i regi av EU sitt organ for overvaking av narkotika, der også Noreg er medlem, og skal no gjennomførast for sjette gang. I Noreg skal undersøkinga omfatte elevane i 10-trinn. Som i tidlegare år skal det same spørjeskjemaet nyttast i alle landa. I Noreg vil omlag 300 tilfeldig utvalde 10.-klasser/grupper inngå i undersøkinga (du kan lese meir om undersøkinga her www.sirus.no/espada).

I Noreg er det Statens Institutt for Rusmiddelforskning (SIRUS) som er fagleg ansvarleg for undersøkinga, medan TNS Gallup står for den praktiske gjennomføringa.

Vi har trekt ut følgjande skule(r) til å delta: Meland ungdomsskule, Danielsen ungdomsskule Frekhaug AS. Klassen har vorte tilfeldig trekt ut på grunnlag av ei datafil TNS Gallup har fått tilgang til hjå Kunnskapsdepartementet.

Vi har samstundes med utsendinga av dette brevet til skuleadministrasjonen i dei aktuelle kommunane, sendt brev til den/dei utvalde skulen(e) der vi ber om høve til å gjennomføre denne undersøkinga. Vi viser elles til vedlagde kopi av brev frå Kunnskapsdepartementet der dei som blir trekte ut, blir oppmoda om å stille seg velviljuge til deltakinga.

Viss de har spørsmål om undersøkinga, kan de kontakte meg på e-post: roar.hind@tns-gallup.no.

Med helsing

Roar Hind
Avdelingsleiar

Vend: Ytterlegare informasjon finst på baksida av brevet

KORT ORIENTERING OM UNDERSØKINGA

Denne undersøkinga vil gje eit unikt høve til å samanlikna rusmiddelvanane blant 15-16 åringar i Noreg med ungdom i andre land. Tilsvarende undersøking vart gjennomført i 1995, 1999, 2003, 2007 og 2011. Vi vil dermed kunne få fram utviklingstrekk i rusmiddelbruken blant ungdom.

Undersøkinga vil bli gjennomført i **veke 9-13**.

Undersøkinga skal gjennomførast ved at vi sender pakker med spørjeskjema til kontaktlærarane for dei klassane som er trekte ut til å delta. Skjema skal delast ut til klassen/gruppen og fyllast ut under oppsyn av lærar i løpet av ein skuletime. Det er viktig at lærarane som held auge med utfyllinga ikkje tolkar spørsmål og/eller går rundt i klasserommet under utfyllinga. Dette for å unngå påverknad av svara og å sikre at elevane har full anonymitet. Vi vil tilrå at undersøkinga blir gjennomført under same tilhøve som ein skriftleg prøve. Det vil seie at elevane ikkje får høve til å konferere med kvarandre. Etter at skjemaet er fylt ut, skal elevane sjølve leggja det inn i konvolutten som dei limar att. Dei må ikkje skrive namnet sitt på skjemaet og/eller konvolutten. Klasseforstandaren returnerer bunken med utfylte skjema til Gallup. Detaljert informasjon til lærarane om gjennomføringa av undersøkinga vil bli sendt ut seinare.

Vi vil oppmoda om at klassen på det noverande tidspunkt ikkje blir informert om at dei er trekte ut til å ta del i denne undersøkinga. Einkvar diskusjon blant elevane kan føre til at resultatata frå undersøkinga blir påverka.

Vi har samstundes med utsendinga av dette brevet til dei skulane som er trekte ut, sendt brev til skuleadministrasjonen i dei aktuelle kommunane for å orientere om denne undersøkinga.

Føresette til elevane i den (dei) utvalde klassen vil få eit eige informasjonsskriv om undersøkinga. Dei blir sendt samla til den/dei ansvarlege klassestyraren. Brev skal distribuerast til elevane ei veke før gjennomføring av undersøkinga.